

Møteprotokoll

Utval	Ungdommen sitt kommunestyre
Møtestad	Rådhuset
Dato	15.06.2026
Tidspunkt	kl 09:00 - 13:30

Frammøtte

Parti

Ellisiv Olsen Sjøthun
Hans Fredrik Moe
Malin Fristad Hop
Olav Hagelin Moe
Tryggve Ås Teigen
Trygve Watsend Erichsen
Vitalii Huz
Yngvil Elisabeth Strøm-Sire
Zahra Almohammad
Sivert Kvam Høyheim
Ingrid Johanne Hurthi
Ingrid Johanne Kvalen

AP
Krf
SP

Forfall

Parti

Iver Hofslundsengen

Thor Fredheim
Jonatan Hurthi

Krf

Varamedlem

Parti

Ingrid Ulviksbakken
Ones

Tryggve Ås Teigen, Trygve Watsend Erichsen og Sivert Kvam Høyheim gjekk kl. 12.00 og deltok ikkje i sak 26, 29 og 30.

Andre som møtte:

Sekretariatet v/Anita Bjørk Ruud.

Frå folkehelse, oppvekst, kultur: Helga Garborg Sie, Kristin Riseth var med, med unntak av sak 26, 29 og 30.

I sak 25 BuLust, prosjektleiar Lisa Kvålshaugen Bjærum.

I sak 27 og deler av sak 24 Kommunalsjef oppvekst, Knut Åge Teigen.

I sak 26 plansjef Knut Vidar Svanheld.

Underskrifter:

Saksliste

Saknr	Sakstittel
22/26	Konstituering av møte
23/26	Godkjenning av møteprotokoll frå sist møte
24/26	Orienteringar, drøftingar og open post
25/26	BuLust - informasjon og dialog med ungdommen sitt kommunestyre
26/26	Områdeplan Hafslo. Handsaming i råda
27/26	UK si førebuing til temamøte med kommunestyret 18. juni 2026
28/26	Drøfting av lokalt transporttilbod for ungdom, ungdomstaxi
29/26	Aktivitetsplan for UK
30/26	Referatsaker

22/26 Konstituering av møte

Ungdommen sitt kommunestyre 15.06.2026

Handsaming

- Opprop, forfall Iver, Thor og Jonatan. Ingrid U Ones vara for Iver.
- Godkjenning av innkalling, *ingen merknad*.
- Godkjenning av sakliste og dagsorden, *ingen merknad*.

UK - 22/26 vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent.

23/26 Godkjenning av møteprotokoll frå sist møte

Ungdommen sitt kommunestyre 15.06.2026

Handsaming

Det var ikkje merknad til møteprotokollen.

UK - 23/26 vedtak

Møteprotokoll frå sist møte, den 7.4.26 vert godkjent.

Ingrid Johanne Hurthi og Trygve Watsend Erichsen vert valde til å skrive under på møteprotokollen.

24/26 Orienteringar, drøftingar og open post

Ungdommen sitt kommunestyre 15.06.2026

Handsaming

Orientering Blås grønt/Lustrabalder:

Malin, Olav, Ingrid Johanne, Ellisiv og Yngvill orienterte . Fungerte veldig bra å ha blås grønt inne i Parken, på vetlesцена. Godt samarbeid med politi og parken. 45 minutt, lang kø heile tid.

Selland kom inn på si fritid, Jonny Gjerde var til stades, 42 deltakarar på Blås grønt.

Sponsa premiar frå Luster kommune og Lustrabalder. Vinnarar blir kunngjort.

Folkehelse, oppvekst, kultur v/Helga Garborg Sie drøfta Lustrabalder med UK, i høve til ruspolitisk handlingsplan:

Debutalder knytta til Lustrabalder. Kan den gjerast meir ungdomsvenleg, ev. med eigen dag for dei under 18 år?

Eige 18 + område.

UK er positive til Lustrabalder, trygg plass, Røde kors, mange vakter.

Fine tal på Blås grønt.

Om dei under 18 ikkje kjem inn, meiner UK at dei unge vil vere i området utanfor Parken.

Der er det mindre trygge rammer.

Områdeinndelinga inne på Parkenområdet fungerer fint, var tilbakemeldinga frå UK.

Knut Åge: I forhold til den ruspolitiske planen, skal det jobbast for eit rusfritt arrangement for ungdomar på Lustrabalder.

Arrangør tykkjer det er vanskeleg økonomisk.

Korleis ville det ha slått ut utan alkoholsal?

UK poengterer at det er ikkje ungdomane som handlar alkohol. Alternativt bør det vere ein konsert på ungdomsklubben ei anna helg.

UK er positive til ung inngang på Lustrabalder.

Spørsmål frå ungdomsavdeling om det er ynskje om open ungdomsklubb under Lustrabalder. UK har ikkje ynskje om noko arrangement på klubben på same tid som Lustrabalder, det er vanskeleg å konkurrere med Lustrabalder. Ungdomsklubb før Lustrabalder kan vere eit førebyggjande tiltak.

Kan det vere blås grønt begge dagar? UK meiner ungdomar opplever drikkepress på Lustrabalder.

Arrangør bestemmer og ein del, det er opp til dei å setje aldersgrense.

Skyssen gjekk bra. Ungdomstaxi på Lustrabalder var prioritert der det ikkje var buss.

Administrasjonen og UK vil halde dialogen framover.

Informasjon til Sogndal ungdomsråd:

Sekretær for UK, Anita, har vore på besøk til Sogndal ungdomsråd og informert om korleis UK i Luster er samansett, blir rekruttert og korleis det blir jobba i møta med god deltaking frå

administrasjonen og at UK arbeider mykje i grupper for å få alle med i drøftingane. Anita gjorde merksam på at om UK lagar ein uttale etter drøftingar i grupper, og UK medlemer ikkje er enige i alle punkt i uttalen, kan dei gjere merksam på det og UK kan røyste over fleire alternativ.

Ny plakat for ungdomstaxi:

Kommunalsjef Knut Åge Teigen: ungdomsklubb er kome inn som arrangement i plakaten. Går mest til kulturhus, klubb og treningar. Uk sin tilbakemelding: fin plakat.

Bruk av samfunnssalen på Hafslo i feriar:

Kommunalsjef Knut Åge Teigen: Ikkje reingjering på sommaren, vanskeleg å få til ekstra vask, personalmessig og økonomisk.

Berre unntaksvis at bygga blir brukt i feriar.

Ferieaktivitetar:

Helga Garborg Sie viste plakatar for ferieaktivitetar for sommarferien, sjå vedlegg. Uk var positive til planlagt tilbod.

UK neste skuleår

Fleire medlemer skal på vidaregåande skular litt lengre borte. Ein medlem skal i forsvaret. Møta i UK vert difor planlagt på måndagar eller fredagar. Om medlemmane ikkje får til å kome på møte, må dei melde forfall slik at vara kan bli innkalla for dei medlemmane me har vara.

UK - 24/26 vedtak

Orienteringar vart tekne til vitande. Administrasjonen tek med seg innspela frå UK i vidare arbeid.

25/26 BuLust - informasjon og dialog med ungdommen sitt kommunestyre

Ungdommen sitt kommunestyre 15.06.2026

Handsaming

Lisa Kvålshaugen Bjærum informerte om BuLustprosjektet, sjå vedlagde presentasjon. Uk drøfta spørsmåla i grupper og hadde fleire innspel på alle spørsmåla, m.a følgjande innspel:

1. Kva skal til for at unge ikkje flyttar vekk frå Luster?
*Naturen, gode arbeidsplassar og godt sosialt miljø.
Gode møteplassar, skulemiljø, arbeidsplassar, næringsliv.
Liv i bustadområda, gode jobbar tilpassa utdanning.
Gode hus og gode fritidstilbod.*
2. Kva skal til for at unge flyttar heim til Luster?
*Gode minne frå heimstaden, gode oppvekstmiljø, gode tilbod til å ha eit godt liv her.
God familietilknytning, gode arbeidsplassar og godt sosialt miljø, tilgang til natur og*

friluftsliv.

Finne attraktiv buplass, interessefelt og ynskje vedk. har, god jobb og gode fritidstilbod.

3. Kva slags type bustader ynskjer unge seg i dag?
Noko dei unge har råd til, både leilegheit og eige hus, utanfor sentrum, langs fjord, på gard.
4. Korleis kan me få lys i gamle hus? Altså korleis kan me få omsett eksisterende bustader som står tomme i dag?
Reklamere meir, synleggjere sjarmen med gamle hus, renoveringsstøtte frå kommunen, selje objekt til utbyggarar for utbetring og vidareasal, tilgang på rimeleg materiale, vise til entreprenørar som er gode på renovering.
5. Korleis kan me få unge til å busette seg på fleire plassar i kommunen?
Ha godt tenestetilbod og fritidstilbod alle stader i kommunen, gode nabolag, synleggjere bygdene, gode vegar, kollektivtilbod, trivseltiltak, tilgjengelege arbeidsplassar i nærleiken, ikkje for langt til butikk.
6. Kva slags barrierar trur de er mest aktuelle for at unge ikkje får kjøpt seg bustad?
Økonomi, dyrt både å kjøpe og å renover. Det kan vere at unge ikkje har same tilknytning til lokalmiljøet som eldre, nokon er for unge til å kjøpe.

Prosjektleiari informerte om at det til hausten skal vere fagdag med entreprenørar. Kommunestyret og ungdommen sitt kommunestyre vil få informasjon om prosjektet undervegs i prosjektfasen.

UK-medlemmer fekk med seg plakatar og visittkort for vidareformidling i sine bygder og skular.

Dei over 16 år i UK vart også oppmoda om å svare på spørjeundersøking i prosjektet, som ligg på heimesida.

UK - 25/26 vedtak

Innspela frå UK vert sendt til BuLustprosjektet.

26/26 Områdeplan Hafslo. Handsaming i råda

Ungdommen sitt kommunestyre 15.06.2026

Handsaming

Administrasjonen orienterte om områdeplanen i møtet, ut frå saksframlegget i plan- og forvaltningsutvalet den 10.3.26.

Uk drøfta saka i grupper og konkluderte i plenum om uttalen.

UK - 26/26 vedtak

UK er imot fotballhall der den er føreslegen. UK meiner det er meir nytte i ei døgnoen kunstgrasbane. Bana er mykje brukt både i skuletida og på fritid. Den blir brukt av folk i alle aldrar, både til organisert og uorganisert aktivitet. Vil ein fotballhall bli like tilgjengeleg for alle?

Fotballhallen vil ta utsikten til vatnet for mange, det blir meir innelukka område, og Uk er uroa for at den oså vil gjere badeplassen mindre attraktiv.

Uk meiner at fotballhall heller bør vurderast andre stader i bygda, døme Heggmyrane eller Moane.

Uk er positive til utvida gangfelt ved Eikum.

Uk er interessert i at det vert gjennomkøyring på billagstomten, inn og ut frå parkeringsplassen.

Uk er positive til skikkeleg tilrettelagd busslomme i Botn. Den kan ev. erstatte mindre tilrettelagde busslommer i området.

UK er positive til planane for Nylandsområdet.

Uk er positive til planane om gang- og sykkelveg til kyrkja, og håpar at den kan bli forlenga uti Moane med tida.

27/26 UK si førebuing til temamøte med kommunestyret 18. juni 2026

Tilråding:

Uk førebur seg til temamøtet med kommunestyret.

Refleksjon / tankar om kva skapar det gode klasse- og skulemiljøet?

Innlegg på 7-8 min.

Ungdommen sitt kommunestyre 15.06.2026

Handsaming

Knut Åge Teigen informerte om temamøtet, at han då vil informere om tilstandsrapporten. 3 stasjonar, ca 20 min på kvar stasjon. Skulemiljø er temaet.

Uk si oppgåve, kva skal til for at de har det bra på skulen?

UK drøfta temaet i grupper og hadde følgjande innspel som leiar tek med vidare i presentasjon til kommunestyret:

God kommunikasjon og forståing for kvarandre, då blir det mindre misforståingar. Bli godt kjent med kvarandre, ikkje berre på skulen.

Viktigast å ha ein god lærar, ein du kan stole på og som ikkje gjer narr av elevane.

Bygge gode relasjonar med folk, både dei du kjenner, og ikkje kjenner eller har felles interesser med.

Lærarar passar på at me i grupper får jobbe med forskjellige personar.

Ha muligheit til å vere med alle i friminutta. Ha gode fritidsmilj.

Bli kjent, ha gode lærarar, samarbeid på tvers av aldersgrupper, samarbeid på tvers av skulane, inkluderande aktivitetar, aldersblanda, det blir lettare å finne nokon som har felles interesser.

Blir du kjend med fleire blir du tryggare.

DKS tiltak, fleire skular vere i lag. Sjå på det i lag og ha noko felles etterpå. Ha tid til å vere i lag, ha fleire turar og samarbeidsprosjekt i lag.

Gjere sosiale ting, vere på tur og ha ulike aktivitetar.

Variere grupper.

Finne på meir i fritida, ikkje berre i skulane. Klassane kan ha aktivitet i fritida.

Tilrettelagt for alle med tilpassa opplegg.

UK - 27/26 vedtak

Ut frå drøftingane i møtet lagar Uk presentasjon til kommunestyret 18.06.26.

28/26 Drøfting av lokalt transporttilbod for ungdom, ungdomstaxi

Kommunedirektøren si tilråding:

UK drøftar saka i møtet.

Ungdommen sitt kommunestyre 15.06.2026

Handsaming

UK drøfta saka. Det er ønskeleg å få til ei digital bestillingssystem, der ein kan sjå om det allereie er ei bestilling som ligg inne, som det går an å koble seg på. Anonym visning. Døme, om det går an for ein frå Fortun som ynskjer å reise på skisenteret å bestille og legge inn tidspunkt, så kan ein på Nes sjå at det ligg ein bestilling inne og melde seg på. Alternativ til nettside, at drosjen tek imot bestilling frå ein, og ser om andre bestillingar kan koblast saman. Då får drosjen litt administrering med bestillinga. UK ynskjer å invitere drosjenæringa til møte og drøfte saka med dei.

UK - 28/26 vedtak

UK arbeider vidare med saka og inviterer drosjenæringa til neste møte, når møtedatoen er fastsett.

29/26 Aktivitetsplan for UK

Ungdommen sitt kommunestyre 15.06.2026

Handsaming

UK drøfta neste møtedato utifrå møteplanen til andre utval. Det var framlegg om fredag 11. september eller måndag 21. september. Det vart avtalt i møtet at sekretær sender førespurnad når skulane er starta til hausten og får avklart kva dato som passar best av desse to.

UK - 29/26 vedtak

Administrasjonen føl opp drøftingane i møtet og oppdaterer aktivitetsplanen.

30/26 Referatsaker

Ungdommen sitt kommunestyre 15.06.2026

Handsaming

Leiar informerte om referatsakene.

UK - 30/26 vedtak

UK tek referatsaker til orientering.